



# VEDTEKTER FOR INDRE NORDFJORD TURLAG

## §1 FØREMÅL

Indre Nordfjord Turlag eir eit ope lag som skal arbeide for eit enkelt, aktivt, sikkert og naturvennleg friluftsliv. På denne måten vil ein vere med å ta vare på friluftslivet sitt natur – og kulturgrunnlag.

## §2 INTERESSEOMRÅDE

Indre Nordfjord Turlag er eit lokallag i Sogn og Fjordane Turlag(SFT), som er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT). Laget har Stryn- og Hornindal Kommune som primært arbeidsområde.

## §3 ARBEIDSOPPGÅVER

Indre Nordfjord Turlag sine hovudoppgåver er:

Arrangere varierte turar som passar for alle aldersgrupper sommar som vinter, og å presentere turane på ein enkel og grei måte.

Syte for å lære opp turleiarar.

Varde og merke ruter etter til ei kvar tid godkjent Merkehandbok (DNT). Delta i opplysningsarbeid om natur og kultur i sitt primære arbeidsområde.

Forvalte å ta vare på fast eigedom på ein forsvarleg måte.

Bygge bruer og klopper, sikring av utsette parti i merka stinett og verne om natur –og livsmiljø.

Indre Nordfjord Turlag kan ta på seg andre arbeidsoppgåver, eventuelt i samarbeid med andre. Dette skjer då etter særlege planar og vedtak.

## §4 STYRET

Laget vert leia av eit styre på sju medlemar med 2 varamedlemar. Styremedlemane vert valde for to år om gongen, og varamedlemane for eitt. Leiar vert vald av årsmøtet for eitt år. Resten av styre konstituerer seg sjølve. Styret kan oppnemne nemder/grupper til løysing av konkrete oppgåver. Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemmane er tilstades. Ved likt røystetal har leiaren dobbelrøyst.

## §5 ÅRSMØTET

Årsmøtet er laget sitt høgste organ og vert halde årleg innan utgangen av November. Årsmøtet skal kunngjerast med minst 3 vekers varsel. Saker som medlemmane vil ha opp på årsmøtet må vere styret i hende minst 2 veker før årsmøtet. Røysterett på årsmøtet har alle medlemmer som



har betalt kontingent. Medlemar som har fylt eller fyller 15 år i valåret er røysteføre og valføre.

### **Årsmøte skal:**

- 1) Godkjenne innkalling og sakliste
- 2) Velje ordstyrar og møteskrivar
- 3) Velje to til å skrive under årsmøteprotokollen
- 4) Godkjenne årsmelding og rekneskap
- 5) Handsame framlegg frå styret og/eller innkomne framlegg frå medlemar.
- 6) Velje styre og styreleiar
- 7) Velje revisor
- 8) Velje valnemd på tre medlemar. Årsmøtet vel leiaren i valnemda.

### **§ 6 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

Ekstra årsmøte vert halde etter vedtak i styret eller etter skriftleg oppmoding frå minst 1/3 av medlemane. Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn med minst 14 dagers varsel. Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame den saka(sakene) som er grunnlag for møte, og som er nemt i innkallinga.

### **§ 7 VEDTEKTSENDRING**

Endring av og tillegg til desse vedtektene kan gjerast av årsmøte med 2/3 fleirtal av dei røysteføre på møte.

### **§ 8 FULLMAKTER**

Leiar og ein styremedlem har saman fullmakt til å skrive under for laget i viktige saker som ved låneopptak, kontraktsskriving, tinglysing og liknande.

### **§ 9 OPPLØYSING**

Opplysing av laget krev 2/3 fleirtal blant medlemane, og må takast opp att med same krav til fleirtal på eit etterfølgjande ekstraordinært årsmøte som vert halde minst 4 veker seinare. Ved eventuell oppløysing av Indre Nordfjord Turlag skal laget sitt eige gå til Sogn og Fjordane Turlag(SFT), med ønskje om at midlane vert nytta i samsvar med turlaget sitt føremål.

Endring av vedtekter av 20. april 1977 samrøystes vedtekne på årsmøtet 15.01.2016